



## ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2008

*Vedteken på årsmøtet 30.3.09*

### ÅRSMØTET I 2008

Årsmøtet vart halde hjå K Lerøy Metallindustri AS den 8.4.08. Foredragshaldar på årsmøtet var statssekretær i Handels- og Næringsdepartementet, Øyvind Slåke. Ordførar Kari Foseid AAKre var også med i møtet.

### MEDLEMSMØTE

Den 5.11.08 hadde me medlemsmøte hjå Mjøs Metallvarefabrikk AS. Hovudtema var **Ny AFP-ordning. Advokatfullmektig Nina Tennebekk frå NHO Hordaland** gav oss ei innføring i hovudlinene for den framtidige AFP-ordninga. Mellom aktuelle spørsmål var kva som vert situasjonen for dei bedrifter eller arbeidstakarar som ikkje har tariffavtale.

Me fekk også orientering om faget **utdanningsval** ved ungdomsskulen ved **kompetansekoordinator for Nordhordland, Vivian Kårbø**, og rådgjevar ved **Osterøy ungdomsskule, Alf R Kallestein**.

På møtet tok me også opp aktuelle tema som laget arbeider med. Styret vart oppmoda om å gje innspel for omlegging av **Kårvikskiftet** i Lonevåg slik at tunge køyretøy som skal til Kårvika kan nytte den nye vegen mellom Hauge og Lonevåg når denne vert opna. Brev er sendt kommunen med kopi til Statens vegvesen.

### STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte; 22.9.08, 5.11.08 og 30.3.09 (før årsmøtet) og har handsama 21 saker i kalenderåret 2008 og 5 saker i 2009 før årsmøtet. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

### SAKER

**Realisering av ny rv 567 mellom Hauge og Lonevåg** har vore viktig sak for laget lenge. Etter at bompengefinansiering var godkjend i Stortinget like før jul i 2007 har Statens vegvesen arbeidd godt med planarbeidet. Dette har teke noko tid m.a. då det vart naudsynt med endring av fleire reguleringsplanar. Kommunen har følgd godt og raskt opp reguleringsframlegga frå Statens vegvesen.

Undervegs har Statens vegvesen gitt signal om at det ville bli teke ut meir tunnelmassar på Lonevågssida enn først planlagd.

Laget har foreslått å nytte tunnelmassar til **vegomlegging på rv 567 på Bysheim** (gjere 180-graderssving til 90-graderssving med redusert stigning). Kompensasjonsstyret bidreg med noko midlar, 0,5 mill kr, som har vore medverkande til at prosjektet no vert gjennomført. Formannen har vore aktivt engasjert i saka og har m.a. i ein tidleg fase informert grunneigarane.

Osterøy kommune lukkast i 2007 å få tilgang til statleg tilskott til vidare **breibandutbygging**. Me trudde dette skulle bidra til at næringslivet kunne få tilkopling til fibernettet som kommunen har bygt ut. Men midlane kunne berre nyttast til område utan breibandtilbod i det heile og kommunen fekk nytta berre ein del av tilskottsramma. Det er no etablert fibersamband mellom Fotlandsvåg og Tysse. Kommunen har framleis ikkje avklart korleis andre enn kommunen kan få nytte av kommunen sitt fibersamband. Kommunen vurderer sal av fibernettet.

Laget har vore aktivt engasjert for å **få bygt ny vidaregåande skule på Osterøy** og for oppbygging av **Kompetansesenteret for CNC og robot ved skulen**. Byggjearstart var i januar 2009 og Kompetansesenteret vart formelt etablert som ei avdeling ved skulen 1.1.2009. Laget er

representert i rådet for Kompetansesenteret; Leif Tore Solberg er leiar med Eimund Øvsthus som vara, Lars Mjøs er rådsmedlem med Lars Magne Bysheim som vara. Hordaland fylke byggjer ein verkstadhall på 800 kvm for å få plass til også Kompetansesenteret. For å dekke den ordinære undervisninga, ville det vore nok med 300 kvm. Kompensasjonsstyret har løyvd resterande Osterøy Utvikling-midlar og resterande kompensasjonsmidlar til andre føremål enn infrastruktur til Kompetansesenteret, ca 1,8 mill kr. Både bedrifter, fylkeskommunen, NAV m.fl. har så langt skaffa verdiar/finansiering for ca 10 mill kr til Kompetansesenteret for CNC og robot. I tillegg kjem sjølve verkstadhallen som fylkeskommunen byggjer. Nybygget og Kompetansesenteret er eit resultat av eit svært godt og aktivt samarbeid mellom mange partar.

Planlegginga av **vegutbetringar på rv 567 mellom Hosanger og Gatland** har teke noko tid. Kompensasjonsstyret har løyvd 1,5 mill kr og Statens vegvesen går inn med like mykje. Anbudet er no tildelt og arbeidet skal starte våren 2009.

Osterøy Industrilag har lenge hatt god veg frå bru til bru som strategi. Me vart difor svært overraska og skuffa då Osterøy heradsstyre utan varsel/høyring gjorde om Osterøy kommune si **prioritering av fylkesvegar** frå ny veg Tysse - Kallestadsundet bru på topp til ny veg Kvisti - Bruvik på topp. Formannen og sekretæren har delteke ved arbeidsgruppemøte i regi av varaordføraren i Vaksdal om vegen Tysse - Kallestadsundet bru.

Osterøy Utbygging AS (eigd av Osterøy kommune) har fullført reguleringsplanen for **Oddalsmyra Næringspark** på ca 60 da i Hannisdalen. 2 av laget sine medlemmer har saman kjøpt næringsparken. Det er positivt at det no har vore mogeleg å få tilgang til nytt næringsareal.

Osterøy kommune har engasjert seg for å få til eit **større næringsområde på Epevoll**. Osterøy Industrilag meiner det er viktig å få realisert desse planane.

Lokale næringsaktørar har levert framlegg om oppstart av regulering av **Settelia** på Hauge samt området ned mot Loftås tomtefelt til næring, ålmennyttinge føremål og bustader. Industrilaget har lenge arbeidd for næringsområde i Settelia og støtta dette framlegget som vart avvist i

formannskapet vinteren 2009. Me voner området kan koma inn ved rulleringa av kommuneplanen.

Det er uheldig at **rulleringa av kommuneplanen** tek lang tid. Det er no gått 1,5 år sidan innmeldingsfristen for framlegg gjekk ut hausten 2007 utan at ny plan er fremja. Fleire av våre medlemmer har meldt inn arealtrøng. At prosessen tek lang tid, er hemmande for næringsutvikling. Det er positivt at den nye rådmannen no legg opp til fortgang i arbeidet.

Laget har arbeidd for bygging av **Arnatunnelen**. Det er svært skuffande at dette prosjektet ikkje er kome med i regjeringa sitt framlegg til Nasjonal Transportplan i mars 2009.

Laget har skreve brev til **Skyss** med oppmoding om å opprette **ekspressbussrute** mellom Arna stasjon og Lonevåg. Dette er m.a. viktig for å skaffe rekruttering til Osterøy vidaregåande skule.

Laget har **sponsa** Osterøy kommune/ **Osterøy brannvern** med kr 5.000 i samband med "redningsinnsats ved ulukker med tunge kjøretøy; øving bussulukke 5.6.08."

Laget har **sponsa Osterøy vidaregåande skule** med kr 4.000 i samband med servering ved "Open skule 10.2.09" for å styrke rekrutteringa til skulen.

Mange av **medlemsbedriftene** har drive svært godt mesteparten av 2008, men finansuroen frå hausten 2008 har resultert i redusert aktivitet for fleire bedrifter, særleg dei som er avhengige av byggjemarknaden og forbrukarmarknaden. Fleire av medlemmene har difor måtte permittere delar av arbeidsstokken/ i delar av arbeidstida frå vinteren 2009.

## **INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA**

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 214.000 kr for dette i 2008. I 2008 fekk Osterfjord Næringsamarbeid også til rådvelde via

fylkeskommunen 601.000 kr til Regionalt æringsfond for Osterfjord. Industrikonsulentene har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings samarbeid 2005-2009.

Formannen og sekretæren har delteke aktivt ved skiping av "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formell skiping var 9.4.08. Formannen vart vald inn i arbeidsgruppa for Næringsalliansen og har arbeidd aktivt her.

Industrilaget har sommaren 2008 inngått ny gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonenester**.

**Heimesidene:** [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no), har framleis eit enkelt design.

Me legg vekt på eit aktivt samspel med **media**. Formannen har vore aktivt brukt av pressa, også regionalpressa, ikkje minst i samband med finansuroen og statlege tiltakspakker.

**E-post** er viktig kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 15 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd** og **Næringsalliansen**.

**Osterøy kommune** er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

**Nye medlemmer:** Pallegrossisten AS.

Industrilaget har **37 medlemsverksemder** med ca **820 tilsette**.

## TILLITSFOLK

### Styret:

Lars Magne Bysheim (på val)  
Eimund Øvsthus  
Tor Georg Hella  
Kjell Lerøy (på val)  
Arne Hansen (på val)

### Varamedlemmer:

Ivar Solberg (på val)  
Johan Solberg (på val)  
Monica Solberg (på val)

**Turnemnd:** Johan Solberg og Rolf Hagebø (på val)

### Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Lars Magne Bysheim, formann  
(Formannen i Industrilagsstyret er formann her)  
Svein A Skulstad (på val)  
Willy Helgesen  
Kari Foseid Aakre  
Varafolk: Jostein Jacobsen  
(for Svein A Skulstad) (på val)  
Jorunn Jacobsen  
(for Willy Helgesen)

**Revisor:** Norodd Helle (på val)